

**Fra:** Gerhard Inge Storebø (gerhard.i.storeboe@sund.kommune.no)

**Sendt:** 03.04.2017 13:37:23

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Sund kommune; Oddlaug Hansen

**Emne:** Høyningsuttale Regional transportplan Hordaland - 2015/10633

**Vedlegg:**

Sund kommunestyre handsama sak om framlegg til «Regional transportplan Hordaland» på sitt møte 28.3.2017. Kommunestyret fatta vedtak om følgjande uttale i saka – sak K.026/17:

**K- 026/17 Vedtak:**

1. Sund kommunestyre er positiv til det meste av intensjonane og innhaldet i Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029.

2. Sund kommunestyre meiner likevel at det bør vera svært høg terskel for å nytta denne planen for å reisa motsegn mot kommunal planlegging innanfor kommunen sitt handlingsrom etter plan- og bygningslova.

Hovudstrukturen for senterutvikling og transportkorridorar kjem greitt fram i planen, men planunderlaget er ikkje godt nok til å gå imot meir detaljert communal arealplanlegging.

Kommunestyret vil be fylkeskommunen gjere spesifikke vedtak til plandokumenta, som tydeleg presiserer at evt. motsegn berre vil verte vurdert nytta heilt unntaksvise,

føreset ei konkret og tydeleg grunngjeving, og berre kan vere aktuelt når ein har hatt ein grundig kontakt og dialog mellom partane for å verte samde om gode felles løysingar. Kommunestyret har von om

semje med fylkeskomunen om dette. Kommunestyret vil samstundes varsle at ein vil vurdere å fremje motsegn mot planen etter § 8.4.2 i plan- og bygningslova om ein ikkje kjem til ei sams forståing om dette.

3. Sund kommunestyre meiner at nord-sørvegen (Fv 561 og Fv 555 frå Ågotnes til Austefjorden) må takast med som eit aktuelt bompengefinansiert tiltak under pkt. 4.2.7.

4. Sund kommunestyre meiner fastlandssambandet Lerøy, Bjelkarøy, Hjellestad må omtala som aktuelt ferjeavløysingsprosjekt under pkt. 4.2.2 . Dette sambandet har vore omtala i tidlegare fylkeskommunale

transportplanar og det er alt nytta vesentlege planressursar på sambandet.

5. Sund kommunestyre meiner det er eit mistilhøve at planen omtaler «Sjøtransport» som viktig, men ikkje har mål for å leggja til rette og vidareutvikla slik transport – særleg i det planen peikar på at godsterminalen på

Dokken må vurderast som mellombels løysing.

6. I pkt. 3.1.5 er det skrive at Hordaland har mange aktive fiskerihamner. Fakta er at viktige hamnefunksjonar som fiskemottak m.v. har vorte samla på stadig færre lokalitetar. Sund kommunestyre meiner at den nye

fiskerihamna i Porsvika som er bygd ut med statleg støtte skulle vore nemnt i opplistinga under dette punktet.

7. Sund kommunestyre er positiv til at tiltak for å auka innfartsparkering skal arbeidast vidare med – då slik parkering er viktig for å leggja til rette for auka bruk av kollektivtransport.